



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 25/34644-1
Saksbehandlar Eivind Dalseg

Utval	Møtedato
Hovedutvalg for næring, kultur og miljø	27.11.2025

Endring av retningslinjer for utviklingstipend i tradisjonshandtverk

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Hovedutvalet sluttar seg til foreslåtte endringar i retningslinjene for utviklingstipend i tradisjonshandtverk.

Vedlegg

Retningslinjer for utviklingsstipend i tradisjonshåndverk

Samandrag

Fylkeskommunedirektøren foreslår å justere retningslinjene for utviklingsstipendet slik at studentar frå Agder som nyttar praksisarenaen «Læringsarena sørvest» får same moglegheit til økonomisk støtte som studentar ved andre læringsarenaer. Arenaen er etablert av Vest-Agder-museet, Aust-Agder-museet og Ryfylkemuseet, og inngår i bachelorprogrammet i tradisjonelt bygghandverk ved NTNU.

Saksopplysningar

Hovudutval for kultur, folkehelse og frivilligheit vedtok 24.03.2021 å etablere eit utviklingstipend i tradisjonshandverk. Stipendet er tildelt kvart år sidan til utførande tradisjonshandverkarar som har ynskja å bruke tid til fordjuping innanfor sitt fagfelt, og har hatt ein positiv verknad på fagfeltet.

Prosjektet «Etablere felles læringsarena Sørvest og varige samhandlingsstrukturar innan bygningsvern i Agder og Rogaland» er eit utviklingsprosjekt i samarbeid mellom Ryfylkemuseet, Aust-Agder museum og arkiv ved Setesdalsmuseet, og Vest-Agder-museet ved Kristiansand museum. Prosjektet har som mål å etablere ein felles læringsarena for bachelorprogrammet i tradisjonelt bygghandverk ved NTNU, og samtidig utvikle varige strukturar for samarbeid og kompetanseoverføring innan bygningsvern. Utdanninga medfører 3 praksisperiodar over 4 år på 10 veker kvar gong, der kvart museum er tiltenkt ein praksisperiode i løpet av studiet. Prosjektet søkte i 2024 og fekk 2,5 millionar av kulturdirektoratet til gjennomføring.

Bakgrunnen for prosjektet er eit aukande behov for handverkarar med kompetanse innan antikvarisk bygningsvern, særleg i ljøs av nasjonale satsingar som «Kyrkjeløftet» og offentlege strategiar for bevaring av kulturarv. Musea har lang erfaring med bygningsvern og handlingsboren kunnskap, og ønskjer å styrke rekrutteringa til utdanninga og sikre vidareføring av lokal byggeskikk og tradisjonshandverk.

Administrasjonen har sidan oppstarten av prosjektet hatt jamleg dialog både med musea og Rogaland fylkeskommune. Ved andre læringsarenaer finnast det ulike stipend og kompensasjonsordningar for studentane under praksisperioden. Rogaland fylkeskommune har ei tilsvarande stipendordning til utvikling innanfor tradisjonshandverk. Administrasjonane i Agder og Rogaland har difor sett på moglegheitene for å inkludere studiet innanfor eksisterande stipendordningar.

Vurderingar

Det er eit behov for å styrke rekrutteringa til utdanning innan tradisjonshandverk, særleg med tanke på framtidige oppgåver innan antikvarisk bygningsvern og nasjonale satsingar som Kyrkjeløftet. Prosjektet «Læringsarena sørvest» er eit målretta tiltak som både svarar på dette behovet og bygg vidare på eksisterande kompetanse i regionen. Musea i Agder og Rogaland har lang erfaring med handlingsboren kunnskap og bygningsvern, og har gjennom prosjektet etablert eit solid samarbeid som er støtta med 2,5 millionar kroner frå Kulturdirektoratet.

Bachelorutdanninga ved NTNU er organisert med praksisperiodar ved desentraliserte læringsarenaer, og det er viktig at studentar frå Agder får like moglegheiter til økonomisk støtte som studentar ved dei andre arenaene. Ved fleire av dei etablerte læringsarenaene finst det stipend- og kompensasjonsordningar som bidreg til å gjere praksisperiodane økonomisk gjennomførbare for studentane. Rogaland fylkeskommune har ei tilsvarande stipendordning for utvikling innan tradisjonshandverk, og det har vore god dialog mellom

administrasjonane i Agder og Rogaland om moglegheita for å inkludere studentar ved Læringsarena sørvest i eksisterande ordningar.

Fylkeskommunedirektøren vurderer at ei justering av retningslinene for utviklingsstipendet vil vere eit viktig bidrag til å potensielt sikre rekruttering og gjennomføring av utdanninga i vår region. Ei slik tilpassing vil også vere i tråd med intensjonen bak stipendet, som er å styrke fagfeltet og sikre vidareføring av tradisjonshandverk som del av vår immaterielle kulturarv.

Regionplan Agder 2030

Prosjektet Læringsarena sørvest svarar på eit dokumentert behov for kompetanse innan tradisjonshandverk og bygningsvern, og er i tråd med Regionplan Agder 2030 sine mål om å styrke kulturarv, utdanning og berekraftig verdiskaping. Planen peikar på behovet for samarbeid mellom akademia og institusjonar, og understrekar verdien av å ta vare på lokal byggeskikk og immateriell kulturarv. Ved å justere retningslinene for utviklingsstipendet, kan Agder fylkeskommune bidra til å sikre rekruttering og lik tilgang til økonomisk støtte for studentar frå regionen, og samtidig styrke musea si rolle som kompetansearena.

Økonomiske konsekvensar

Det er satt av 50 000kr til utviklingstipendet under ansvar 500200, aktivitet 471, prosjekt 50020202. Saka omfattar i første omgang ikkje økonomiske endringar, og eventuelle justeringar kan vurderast i framtidig budsjettarbeid.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren meiner at justeringa av retningslinjene er eit godt tiltak for å sikre rekruttering og like vilkår for studentar frå Agder. Dei vedlagte retningslinjene for tildeling av stipendet tek vare på hovudmålsettinga på ein god måte.

Kristiansand, 09.11.2025

Tine Sundtoft
fylkeskommunedirektør

Kristin Tofte Andresen
fylkesdirektør